

Rosnes 10.04.2016.

Nordhordland Bestandsplanområde

Våren 2016 tok Vestskog initiativ til oppstart av Nordhordland Bestandsplanområde for hjort. Dette med bakgrunn i at Vestskog meiner at grunneigarane sjølv bør ta større del av planlegging/forvaltning av hjortebestanden. Bestandsplanen skulle dekke kommunane i Nordhordland, unntatt Masfjorden, men inkludera Askøy. Vikanes og Romarheim i Lindås Kommune var ikkje i med i plautkastet.

Oppretting av nytt bestandsplanområde vart meint å prøva å få ein samla oversikt over bestand av hjort og få rett avskyting i forhold til dette.

10. mai 2016 vart det halde skipingsmøte for det nye bestandsplanområdet i rådhuset til Lindås Kommune. Planområdet vart vedtatt oppretta då Vestskog såg det som viktig at nokon starta opp og kom i gang. Då dette var nytt og uvant for mange, rekna Vestskog med at fleire vald ville melda seg på etter kvart.

Det synt seg å vera svært liten interesse hjå grunneigarane for dette forslaget.

Berre 3 storvald i regionen valde å vera med; Askøy Sør Hjortevald, Askøy Nord Hjortevald samt Lindås Hjortevald.

I tillegg vart 3 mindre vard frå Lindås Kommune med; Helltveit, Fyllingsnes og Mundal.

Den 13. mai 2016 vart det sendt søknad om godkjenning av det nye bestandsplanområdet til Lindås Kommune.

I tilsvar frå Lindås Kommune vart planen stilt i bero fram til kommunane fekk samordna seg når det gjeld forståelse av kor stor stammen av hjort er, og kor mykje hjort det er rimeleg å ha i området. Der var også ulik størrelse på fellings-avgifta, noko som burde samordnast mellom anna når det gjeld utgiftene til viltfondet.

Hausten 2016 var der møte mellom Askøy, Meland og fylkeskommunen der det vart bestemt at Askøy og Meland skulle verta eit eige bestandsplanområde og såleis ikkje vera med i Nordhordland Bestandsplanområde lenger. Dermed forsvant også representantar for over halve styret i Nordhordland Bestandsplanområde, då desse var frå Askøy.

Som leiar i det nyoppretta Nordhordland Bestandsplanområde vart eg informert om dette i ettertid. Med bakgrunn i at halve styret er borte og med bakgrunn i grunneigarane sine interesser har eg såleis ikkje tatt noko initiativ til å endra grensene til eit nytt bestandsplanområde, og heller ikkje til få på plass noko nytt styre til dette.

Grunneigane meiner fortsatt at nye Alver Kommune administrer dette best i samarbeid med nobokommunane. Med dette som bakgrunn vonar me at det vert åpna opp att for at dei store valda kan få utøva jakta etter driftsplanar utarbeidd i lag med og godkjend av dei aktuelle kommunane.

Mvh
Ottar Rosnes

